

SLEKTSBOK - SEIM

En sammanställning av slakten SEIM
nedtecknade
av

Kent O Agdestein Vatna

20 mars 2005

efter förlaga från Arnfinn Nilsson Seim, Voss (NO)

Campingvägen 11
SE-560 42 SANDHEM
Telefon: +46 515 76 04 48
E-post: kent@agdestein.se

SLEKTSBOK - SEIM

1.	Forord	3
2.	Seimslekti.....	3
3.	Litt meir um han godfar.....	3
4.	Ei trist saga um han godfar.....	4
5.	Eit fagert minne um han godfar	5
6.	So litt um henne godmor Seim.....	5
7.	Yvertru eller ovtru.....	6
8.	Litt om oldefar min på Djukastein	6
9.	Far	7
10.	Han Sjur Honnve – Søtesjur	7
11.	Minneord um henne mor	7

1. Forord

I dei utkomne slektsbøker for Voss – skrivne av Joh. Gleim, Arnfinn Finne og direktør L. Kindhem – finn eg ikkje noko uppteikningar um mine foreldre, korkje mor eller farslekti er nemnde i desse bøkene. Eg finn det difor turvande å skriva eitt og anna um dessa slekter.

Arnfinn Nilsson Seim

2. Seimslekti

Han godfar min på Seim heitte Ole Ambjørnsen Seim, son åt Ambjørn Seim, son åt Svein Aslaksen på Eimstad. Den her sistnemnde – Aslak Eimstad vert etter dette min tip-tipoldefar. Det er meg fortalt att min oldefar Ambjørn Sveinson budde opphaveleg på Eimstad..

Men ved eit drikkelag (verskap) kastebytte han garden sin på Eimstad med eigaren av eit bruk i Seim og kom på denne måten til Seim. Kona hans heitte Guri. Ambjørn hade ein bror som heitte Per.

Denne Per var helseveik og ugift og flytte ilag med bror sin til Seim. Per sku vera sers flink å skriva og tekna. Eg kann godt hugsa at namnet hans stod på ei ruta i rotloftet (kjøtloft) ovanpå staburet. I ramen på kjøtloftet var eit glasstak med 9 småruter. På midtruta stod med serleg skrift: ”Peder Svendsen Seim” – umget av ornamenter og kruseduller. Ved den store brand på Seim 23 februar 1883 vart det øydelagt.

3. Han godfar

Han godfar - Ole Ambjørnsen Seim var ein i mange måtar merkeleg og vedtgjeten mann. Han var ein arbeidsom og driftig gardbrukar d. v. seja etter den tida måte og driva jordbruk på. Skal berre nemna enkelte trekk:

Umframnt onningi av heimboen dreiv, han med slått i fjellet. Han hade 2 selshus, for umframnt det som stod på Grønstad, hade han ogso eit sel uppe ved øvste Skartjørni. Dette siste bruka han høgste sumarvikane. Då kunde kyrni beite heile Flatefjellet oppunder krampane og burtimod Kvanngjeli.

Av Berge - menne fekk han løyve til å gjerde inn eit større slåttetreet på stølen Lien. Med stort strev sette han upp steingjerde rundt slåttetreet, myk var det nok av burte ved selshusi. Han rudde treet og kvar haust gjødsla han det godt. Han samla 5-6 lass høy på denne slåtta. Det syner enno atter denne slåttermark og lotufti. Treet, som nu ligg ubrukt, kalla dei den dag i dag – ”Olatreet”.

Umframnt dette slo han mykje for hiss og her i stølsbeitane og dette sette han i høystakk. Ho gudmor sa dei hade um kring 30 lass høy um vinteren å kjøra heim av fjellet.

Han godfar var ein høg, turrvakten og senesterk mann. I sin ungdom hade han hat den sjukdom dei kalla ”Boloji” (d. v. s. koppene). Han yverstod sjukdomen med fekk svære ær i andletet, merke han fekk bera all sin dag.

Det som gjorde han godfar mest kjend og vidgjeten var hans lækjærverksemd (han kvaksalvar dei kalla). Ha munne nok eiga ei sers gåva i den leidi. Han var flink å lesa å skriva. Han fekk fat i doktorbøker og studerte desse på eigi hand. Medikamenter laga han for det meste sjølv. Samla blommar, fræ, ber og ymse slags gras og laga medisinen. Han bruka og ymse ting frå dyreriket og miniralriket. Folk tydde til han, ikkje berre frå Voss, men frå granneherederne Evanger, Vossestrandi, Granvin og Kvam. Ho godmor sa, der låg sjuklinga hjå han i vekones – både vetter og sumar. Og mange gjorde han godatt. Han munne vera flink sårleikar, men var heller ikkje redd før å fyreta opperasjonar. Mange sa – at dei næst Gud, hadde han godfar å takka for attvunni helsa.

(Som ventande kann vera, vil du gjerne vita, korfor eg hev desse uppteikningane mine. Jau, dette hev ho mor og godfar fortalt meg. Eg hadde vore lærar i 10 år fyrr ho godmor døyde.)

4. Ei trist saga um han godfar

På Voss var (i godfar si tid) ein destrekslækjar, heitte Wille. Det gjekk det ord un han, at han ikkje dugde som doktor, og fekk difor liten søknad. Han hadde fenge greida på, at mange sjuklingar gjekk til han godfar. Dette vart han harm på ”han godfar gjekk doktaren i næringsi” – som deit heter. Han prøvde på mange vis komma han godfar til livs.

I den tidi var det under straff forbode for ein lækman å ”selja kamfer” Kamfer var mykkje brukt og godfar hade jamt sovore liggjande heime hjå seg. Sjølv bruka han det og let andre få men tok aldri betaling for det han utlevera. Likeeins tok han aldri honorar for sitt lækjararbeid men folk fekk gjeva det dei vilde.

Doktor Wille uttenkte ein snedig plan: Han leigde ein mann for god betaling å gå til han godfar å freista få kjøpt noko kamfer. Ja, mannen so gjorde men godfar sa - som sant var - at han hadde kje lov å selja denslags men er det um å gjera for deg so skal eg gjeva deg noko. ”Ja takk, det er vel nok det men eg veit du lyt kjøpa kamfer i dyre domme og eg er ingen sælabodsmann eg hev god råd å betala” - ”Men du veit då det” – sa han godfar at eg er straffskuldeg når eg sel kamfer. – Ja men det tarv du ikkje attast for, eg er kje so simpel mann att eg vil føra deg i ulukka. Du tarv kje vera ottesam i so måte.

Godfar let han få noko kamfer men vilde ikkje ta i mot betaling. Den andre gav seg ikkje med det men la pengane i glaset. Mannen gjekk. Nokre dager etter kom lensmanen og arrestere hab godfar for brot mod straffelovi. Sølvsagt nekta ikkje han godfar de som hendt var, og fekk ½ års tugthus.

Alle folk harmast yver denne skammelege åtferdi av doktorn. Godfar tok roleg mot domen og straffi. Me etter denne hendinga var doktor Wille so hata i bygdi at han fann det klokast å søkja seg herifrå. Og hadde han godfar hat stor søknad fyrr so vart den ikkje mindre etter dette hende.

Det gjekk det ordet um han godfar at han kunde – ”Stemma blod”. Ei par fortejlingar, som både mor og godfar fortalte akkurat lekeins, skal eg skriva her.

1. Godfar og godmor hadde ein fosterson som heitte Brynjulv (han var fra Evanga truleg var det systerson hennar Gudmor). Då Brynjulv var vaksen flytte han til Evangar. Han budde på Sanden på sjølve Evanga. So sku han gifta seg og sølvsagt sku fosterforeldre og ho mor vera med i brudlaupet. Bruradagen, då dei kom frå kyrkja, sku hestasveinen, dei kalla, losa eit skot til æra for laget. Han kom med ladd pistol i handa møtte så han godfar i døri. ”Dett skal du la vera i dag, det gjeng gale med deg!” sa han godfar. Hestesveinen var kaut og kipen svara: ”Hm, trur du kje eg hev skote fyrr, da?” Dermed smaug han forbi sprang nedum huse, retta pistolen mot fjennet og brende laust. Ein frykteleg smell hørdest men straks etter kom hestesveinen laupande uppatt. Pistolen hadde gjenge i stykker og rive høyre tommelfengen av. Blodspruten stod so sterk - sa ho mor at blodstraumen vart jaga yver kanten på den skåli som var framsett til åla blodet gå i. Men so kjem han godfar. ”Å, kvi lydde du meg ikkje!” Dermed tok han med fast handgrip um den atverande stubben og sa: ”No skal du stå!” Og tenk, blodet stogga med ein gong. Dette var heile brudlaget vitne til.
2. På Flaga budde ein mann, hette Knut. Ein varm sumardag sku han kliva upp på stauskukken i løa si, men var uheppen og datt ned – heilt på tufti. Han slog seg redsamt helst i hovudet. Blodtapet var svært, og dei ottast for han kunde blø seg ihel. Ein mann sprang straks ned i Flagaståi, skauv ut ein båt og rodde so fort han vann over til Seimlandet, kom så laupande heim i tunet på Seim, møtte han godfar i tunet å sa: ”Å Gud veisigne deg, Ole fyl straks med meg burt til Flaga han Knut hev skamslege seg held på forbøl seg. Han godfar stod litt å summa seg, men so sa han: ”Eg hev så liti tid i dag men elles so er blodet stogga no.” ”Å gode deg kam”, sa mannen. ”Høyrrer du kje kva eg seier: Blodet står no! Men dette laut mannen gå. Men då han kom heimatt kunde dei fortelja att blodet stogga brått for ei kort tid sedan. – Å jau du, han godfar kunde nok litt meir enn å mata seg.

Godfar var aldri redd å ganga inn til smittesjuke, t.d. nervefeber. Han var ein godlynd, gavmeld og hjelpsom mann. Han hadde den feili – som ellers mange i den tidi leid av – at, han var voren, sa ho mor. Nei då kunne me få stella med han som me vilde – han var føyeleg og snild. Han gav oss pengar og var (i slike høve) gavmeld. ”Han far var all dri pengelaus”, sa ho mor.

5. Eit fagert minne um han godfar

I året 1877 siste helviti av september måned var eg på fjellstølen Grønestad. So sku det vera eit "amtslærarmøte" nedpå Øystese, og der hadde eg hug å vera med. Eg fylgde buferdi av Lien ned på Botnen, derfrå med båt utover fjorden til Skåre og Porsmyr, siden gjekk eg av vegen over skogåsen til garden Berge. Der sku eg bu dagane møtet varde. Då 2 dagar var farne tok eg på heimtur. Eg gjekk same vegen over skogåsen til Skåre. Herfra var eg nøydd till få båtskyss inn på Botnen. Det var ein ekte fin septemberdag. Folki ikring på garden driv på lauvplukking og potetuptaking. Eg gjek inn i ei stova på Skåre. Innmed bordet sat ein gamall, gråskjegget mann og klunka i seg graut og mjølk.

Eg helsa og spurde um han viste råd for meg til koma inn på Botnalandet? "Nei," svara han, "her er visst ingen som hev tid til sovore i dag." Han var litt morsk i målet. "Jamen, eg skal betala godt for skyssen" – sa eg. "Hjelper ikkje, folk hev kje stunder til sovore, men kvar er du frå?" – Frå Voss, svara eg. "Det tarv du kje seia det ser og høyre eg. Men kva gard er du frå?" – "Frå Seim", svara eg. "Kvenn sin son er du?" – Eg tykte mannen vart noko spurvis, men so fortalte eg, at far min var død og at ho mor heitte Guri, "Og Guri var dotter åt Ole Seim. Er det kje so?" "Jau, det er nok rett det sa eg. Straks la han frå seg skeie, stirde meg upp i augo, tok til å rugga seg. "Nei men skal eg då verkeleg få sjå att nokon av borneborni till Ole Seim!" – Kjende du han godfar, kanskje? – "Um eg kjende gamla Ole Seim." svarte han litt kvast. "Beste vennen eg hev hat i mine dagar." Og no byrja han fortelja uppat veggjer og nedad stolper um ym hendlingar han hadde uppledd ilag med han godfar. So snudde han seg mot skåpet, tok fram brennevinsflaska og glas, og skjenkte meg ein dram. Eg vart yvergid yver hans godleik, og sa: "Dette er då meg reint uforskyldt." – "Sa du uforskyldt? Nei gut, det er ein stor hugnad for meg å få sjå att nokon av slekti til Ole Seim."

Det tok til lida fram på dagen, eg stod som på glør, men våga eg meg so framatt med spursmålet, um korleis eg sku koma inn på Botnalandet. "Kva for slag!" Jau du skal nok få koma deg inn på Botnen, for det skal eg gjera, det." Å kor glad eg vart. Han rodde meg inn fjordung, medan eg sat som ein herremann på baktofta i boten. Då eg var framme, tok eg 2 ort (1,60) og la på tofta, men då vart gamlingen snuggen, og sa: "Trur du eg vil ta betalt av dotterson hans Ole Seim?" Eg laut fint taka pengane att. Eg takka for godviljen hans sa farvel, og rusla upp over. Medan eg gjekk, kom eg til tenkja på Osmund Vinje sine ord: "Stor arv det er for mannen av godt folk vera fødd"

Den gamle mann, som eg her hev forttalt um, var Eirik Skåre.

6. So litt um henne godmor Seim

Anna – godmor mi altså – var tenestegjenta på Dyrvedalen, flytte so til Seim, meddet ho tok tenesta hjå Ole Ambjørnsen. Då ho hadde vore der ei lita tid vart dei trulova, og sidan vart ho nuande på Seim all si tid.

Ho godmor var ei sers evnerik og dugande kvinna. Ho kunde nok fortelja oss (borneborni hennar), at ho stod frams på kyrkjegolvvet konfirmationsdagen sin. (Borna vart uppstelete etter kunnskaper og dugleik i dei dagar).

Ja, ho var flink å lesa, men skriva hadde ho aldri lært. (Gjentone trong ikkje um læra skriva, dei hadde ikkje bruk for noko slikt) vart sagt.

I hennar barndom bruka dei den "duble forklaringen" – "1000 spurnadboki", som ho og vart kalla. Denne lærde ho so godt, at ho kunne lesa henne utenad frå perm til perm.

Då ho var over 90 år kunde ho læsa utenad spurne etter spurne fleir blad etter koarandre. I gamle Kingo kunde ho ein mase salmar utenad, liksaa ei mengd med andre gudelege salmar og songar, t.d. Petter Dass sine "Katekismesongar og Evangeleisalmar".

Det var reint ei "bisen" for oss å høyra på når ho tok til å lesa og synga utanboks. Jo, ho hadde godt minne, ho godmor. Å rett når ho tok til å fortelja um dei syrgjelege kriksåre 1807-1814. Når ho skildra hungersåret 1812, - det år då det ikkje vart eit ætande korn i heile Voss – ja i heile landet umlag. Ho gret då ho drog fram ymse trekk frå det året, og me fekk tårar i augone me og.

Det kunde henda imellom, at me borneborni hennar var litt vansame med maten, ikkje vilde eta den mat som var sett på bordet. Men då kunde ho verta harm, og segja: "De veta kje kva det er å svelta – de born! Eg hugsar eg tente hjå rikaste mannen på Dyradalen me laut nøgja oss med tvo-2 usle matmål un dagen. Eg vart kje halvmett, og eg gret meg i svevn um kveldane." Då tagna me borni - og skjemdest - og åt det som var framsett på bordet.

Eg torer seia, eg var grumguten hennor godmor. Ho held av meg, og eg heldt mykje av henne. Tidleg lærte eg å lesa og til å syngja – munne eg vera flink. Å for alt eg laut lesa og syngja åt godmor mi. Ho var tunghøyrd i mange år, difor laut eg lesa høgt. Den gamle huspostille ”Povel Andersen” var ho svært glad i. Hugsar godt, korleis eg um sundagane laut lesa dei lange preikane i denne boki. Eg vart leid mange gonger, men laut halda ved til teksti var slutt. Men so var ho so makelaus god med meg.

Ho godmor hadde er mergfast tru på Vårherre. Hennar tru og tillit til Gud gjorde sterkt inntrykk på meg. Når o godmor bad til Gud, kjende eg meg trygg og sæl, eg var sikker på at Gud og hans englar ver meg nære med si vernande makt.

Ho var sers flink med ymse handarbeid t.d. sauming: Svartesaum og kvitesaum. (Naatduka eller skarl dei kalla) var mykje i bruk. Ho godmor saumte mange slike selde. Likeins halslinningar, bringeleklut, armlinningar o.s.b. Kwart år selde ho mykje av sovore. Ho dreiv med dette alt upp i 90 åri, og var veda kjend for dette arbeidet sitt. Då ho var umlag 60 år, var ho so uheppi å detta i koll på ein issvull. Mjødni hennargjekk av led, og elles vart ho skoda mykje. Fylgjande av dette vart ho aldri heilt kvitt. I mange år gjekk ho med krykkja og stav, men kunde so leggja krykkja vekk og berre bruka staven. Sitt hugs og minne hadde ho alt til det siste. Det var gildt å få snakke med ho. Altid var ho fornøyd og glad. Eg hørde aldri ho klaga yver livslagnaden og tilværet. Ho hadde lært den løynde men store kunst å leggja alt på Vårherre. Sjølv fekk ho tru seg som barn av Gud frelst av berre nåde.

Den 2 oktober 1882 fekk ho heimlov. I 9 tidi um morgonen var eg inne hjå henne. Ho låg då tilsengs. Eg spurte korleis ho hadde det? Jau, takk eg hev det godt, eg er kje sjuk, berre so maktlaus. Eg stogga ½ time hjå henne, bad so farvel og gjekk. Ein times tid etter sovna ho – so stillt, at ho Anna brorkona mi som sat inne i stova ikkje gådde ho døyde. Ho tykte det vart so stille burti sengi, og da ho gjekk burtåt var ho gamle godmor flytt over frå titidi inn i æva. Velsigna vera minne hennor.

7. Yvertru eller ovtru

”Me er alle born av vår tid”, segjer eit gamalt ordtoke. Dette er sant. Eg her frammanfyr fortalt um henne godmor si faste tru på Gud, men ho var på same tid ogso hilda i mykje yvertru: Ho trudde, - so som mange i dei dagar på underjordiske væsener, t.d. huldrefolk, gardsvor, nisser, draugen o.s.b. (Sovore var almen folketru i gamle dager).

Denne trui hennar prøvde eg fleire gonger å burtresonera – ved å segja det var kje til. Men då harmast ho, støytt staven sin i golvet, og let meg vita ho var eldre enn meg. Ho hadde sølv grangjeveleg set huldrefolk. Eg laut smila, men fann det klokast å tegja, eg vilde for alt ikkje koma i ordstrid med henne un sleke ting. Men ho var aldri redd desse underjordiske, det galt berre um – sa ho ikkje å tørga dei. Eg kunde nok fortelja ymse ting av henne godmor sin opplevingar i so måte, men finn det uturvande her.

Med dette ender eg mine upteikingar um henne godmor.

8. Litt om oldefar min på Djukastein

Han oldefar heitte Lars og var gardmann på Djukastein. Han var av halingætt. Han var av den vidtgrein ”Villandætti”. Han lika å kalla seg ”Vetle-Villanden”. Villand er ein store gard i Hønel, aneks til Hol i Hallingdal.

Denne Lars han oldefar alto ver ein liten, tjukkvaksen stabbe. Litt støtt halt var han. Når han var i verdskap, og sa: ”Her skal de få sjå VetleVellanden”!

Eg hev spurt eldre folk herumkring um samanhengen med ætti hans, og kvar han Lars var ætta frå.

Sume hev då sagt, at han var komin frå Raunadalen, men noko meir viste dei ikkje. Andre derimot hev fortalt ei lang saga um ætti til oldefar. Kan ikkje dy meg, men få lov å fortelja ei intresant saga:

Då svartedauen hadde herja landdet vårt i 1349 vart mange bygder folketome. Um Voss er det fortalt at då ”sotti” var over var det berre 7-siger og skriver sju – rykande skorsteinar att i stroket frå Stamnes (ved mynne av

Boldstadfjorden) til Stalheim. So vidt rakk Voss i eldre mann att. Det vart nok heller audsleg for honom stakkar. So hende det ein vinterdag han stod ute i tunet og ser oppyver Vangsisen, at han vert vare ei einsleg kvinna koma gående nedover isen. Han kvakk i, men fegnast, gjekk straks ned mot isen, tilmotar ho. Ho vart nok likeso glad som han. Ho fylgde han upp til garden, og vart hjå han um vinteren. Sidan vart dei gifte og budde på Djukastein til sin døyande dag. Segni vil ha det til det, at denn mann og kona er ættefedre til min oldefar, han Lars "Vetlevellanden". Rett nok, kan ein dra ætelina i tvil, - men umogeleg er det då slett ikkje. Men ein ting er eg viss på: "Det renn hallingblod i årane mine! At han oldefar var av Hallingfolk er greidt nok.

9. Far

Dei 5 siste leveåri sine var han sjukleg. I sine ungar dagar - altso fyrr an kom till Seim – var han postføre millom Eide i Granvin og Vossevangen. I den tidi laut posten leggjast på hetseryggen vegstykket millom Eide og Voss. Det var soleis ikkje alltid "beinsleg" og letvindt å vinna fram t.d. på vintertid.

Um han far veit eg lite å fortelja, eg var 3 ½ år gammel då han fall burt. Hugsar berre han låg tilsengs, og at eg av og til gjekk burtåt sengi og fekk munngådt hjå han. Å so minnest eg då dei la han likkista. Ei av grannekonone held meg i fanget. Gravferdsdagen var eg med. Han vart gravlagd på søndre sida av kyrkja ned med kyrkjegarden.

10. Han Sjur Honnve – Søtesjur

Som fyrr nemnd var min oldefar Arnfinn Sjursson Honnve. Far hans heitte altso Sjur. Det var han dei kalla "Søtesjur".

Han munne vera meir enn almindelig tresk og slu, ein mann som forstod å snakka for seg. Blidsleg og mjukt tala han – sjølv um han var harm innanfor bringa. Namnet "Søtesjur" passa frotreffeleg på han. Her er ei liti saga um han, og saga er sann.

Eit bruk i Honnve var eldre tider embetsgard – skrivergard. Dei hadde stølsrett i Volakrokjæ. Der hadde då både skrivaren og Søtesjur kyrene sine. So hende ei uheppa på stølen: ei av skrivaren sine kyr stang ihel ei av Sjur sine beste kyr.

"Her vart gode råd dyre" som dei segjer. Men Sjur var lur, han. Hen gjekk til skrivaren, og hade 2 mann med seg som vitne på samtala. Han let mennene stå att uti døri og døri stå på gløtt, so dei kunde høyra samtala mellom Sjur og skrivaren.

Sjur byrja med å seia, at det hadde gjenge gale ute på stølen: "Beste kyri mi hev stanga simplaste kyri di i hel". – "Å den saka er greid, den, det går ko for ko, det Sjuremann". – "Um forlating, herr skrivar eg sa feil, det var beste kyri di, som stanga simplaste kyri mi uhel". – Ja det blir en annan sak, det, Sjuremann" – "Det verte same saki, meiner eg" sa Sjur, - skua døra heilt upp, og lad dei 2 mennene koma inn. Han spurte um dei hadde høyrd samtala. Jau, det hadde dei nok. "Hev de høyrte skrivaren sin dom i saki? Ja, det hade dei høyrte. Skrivaren vart ovande harm. Han neikta å erstatta kyri.

Det kom til prosess. Det så spøkjeleg ut for skrivaren. Han var på neppen um koma frå embetet sitt. Tilslutt laut skrivaren gå inn på forlik med Sjur. For å redde sin embetstilling, gav han Sjur skrivargarden. Det går elles mange segner um "Søtesjur" si list og klokskap.

11. Minneord um henne mor

Ho mor – Guri Olsdatter Seim – vart gift i 20 åre alderen. Då far fall burt vart ho sittjande att åleine med 7 ukonfirmera born. Ola som var eldst var 14 og Kari, den yngste var ¾ år gammel.

Garden var stor og onnefreg. Fyrste åri ho leiga både dreng og gjenta. Sjølv laut ho ta gardstyringi og dra umsut for alt både innan – og utandørs. Ei stor heppa for ho var, - ho sat skuldfri på garden. Etter kvart som me borni vaks til, laut me taka del i gardsarbeid. Å neimen um me vart sparde nokon av oss.

Me fødde 12 a 14 nauskroter, 2 hestar og 25 til 30 smalar. Du undrast kanskje at me hadde 2 hestar. Men saki var, at i dei dagar fannst det ikkje hjulreidskap på garden. Alt sku transpoterast på tremeia sledar, og det tok vegen um Hamlagrø, upp Krokane over fjellet, og hestane laut bera klyvi heilt i Seimstunet – ei veglengd på 2 ½ mil. Dette var drjugt, og attåt stor tidspellid. I 1873 vart Ola gift, men styrde på halvt med mor i fleire år. Såvel fyrr som etter han var gift. I alle desse åra arbeidde me med gardsdifti fellesskap. På den måten slapp Ola leiga arbeidsfolk, og me som ynge var hadde levemåte av garden. Då so fleire av oss borni vart gifte og fekk eigne heim yvertok Ola heile gardsstyringi, og mor tok seg levekår. Men likevel hekk ho i med arbeide, so ho visst gjorde skjel for kåret ho sku ha.

Mor var liti av vekst, men sers helseg, modig og pågåande i arnbeidet som fåe kvinnor. Det gjekk gjetord um hennar arbeidsdugleik. Eg kunde nemna mange døme som vitna um kor modug og snarrådeg ho kunde vera i ei snever vending. Her er eit døme:

Då eg var kring 8-9 år var eg på stølen hjå mor. So ein dag sku mor og eg ro 2 klyvjar inn til Fladvika. (Dei valde vegen um Nærafjelle ei nokre år for å korta på kløvvegen). Det bleste sterk vestanvind. Båten me hadde varein liten færingabåt. Mor rodde medan eg sat i bakskuten. Då me kom til Grunkebukte galdt det um halda utanfor dei fârlege blindskjær. Men den gangen rekn ho mor feil. Medan alduna gjekk jamt med båtæsingi, viste me kje ordet av fyrr båten i full fart gjekk upp på den namngjetne Galtaryggflui. Eg sat i bakvongi Aldone tok båten og var um å kvelvde han. Men då sku du ha set mor! Rapp og lett som ein ungdom hoy ho or båten, utpå undervatsskjæret, og ved bruk av alle sine krefter fek ho båten laus, hoppa uppiatt, greip årone og mannørera seg burt fra flui. Båten var halvfull med vatn, so eg fekk friskt arbeid med å lensa medan ho rodde innnyver vatne millom rullande skumvite frôsande byljeriggjer. Denne hendengi haev eg ofte kome ihug.

I mine barneår var det jamnleg bjørn og jerv i beitene rundt Hamlagrøvatnet. Det var kje langst imillom fyrr me fann ”dræp” (sundrevne sauer eller kyr) i beitane. Budeione laut ofte anatad for å sjå etter kreturi, og var då som rimelegt kunde vera – redde for å møta ”udyri”. Men mor var sjelden redd. Å kor mang ein kveld ho laut traska um i dei vidstrakte beite og leita etter kyrne, og når hadde funne dei, kom drivande med dei på stølen i myrke kvelden, skulde so til å mjølka. Det vart midnatt fyrr ho fekk leggja seg.

Det store stølstreet laut mor og eg onne åleine. Både slå og bera inn høyet. (Der er umlag 12-13 vintralass med høy). Neimen um det var maklege dagar å vera budeia på Grønestad.

Attåt sjodne og arbeidet med budrotten, samt onningi av slåttstreet greidde ho å Spøta ei mengd med sokkar, leister, vottar Spøtet fulgte med henne kvar ho for. Ho mor var hendig å arbeida. Ho gjorde kje åleine undeklædi våre, men ogso utanpåklædi. Som eit prov på dette skal eg nemna: Då eig i 1874 reiste til Skånevik som tiset lærar fanntes det ikkje eit plagg på min kropp utanat ho mor hadde gjort dei. Vadmålsklæde var det, spunne og våve heime, tilskorne og sydde av handi hennar mor. Kva seier du til dette? Er det mange slike kvinnor no, tru?

Som fyrr nemnt – vart ho mor 94 ½ år gamal. Ho vart tunghøyr, ho og, nett so ho godmor vart. Men noko sjukdomar hadde ho ikkje, såvidt eg hugsar.

Då livskvelden nærma seg, turvte ho heller ikkje lenge tilsengs å talmast. Eg vitja henne ofte dei dagane ho låg og venta på å få flytta. Når eg sette meg attmed sengi hennar og las høgt ur bibelen, eller song salmar, var ho mykkje glad og takksam, men det var med mor, slik som med henne godmor: Ho kunde mykje utanboks – Ho las salme etter salme utenad. Ho hade hat sers gode evnor og eit godt minne. Hennor kristendoms-kunnskap var sers god og solid. Det som fall verst for ho, var å riva seg heilt laus frå verdi, frå alt jordisk væren. Men Vårherre sleppte ikkje fyrr ho vart ”frigjort” men då kunde ho og jubla og takka – for nåden åleine! Då ho i 1915 døyde hadde ho vore enkja i 56 år. Gud signe minne henna mor!